

REISE

Med toget over den russiske steppa. | SIDE 20–21



ARKITEKTUR | Han kjempar for sjela til Sørlandet. | SIDE 14–15

FRI VEKEAVIS  
FOR KULTUR  
OG POLITIKK

A-AVIS

INTERVJU

| SIDE 3

– Noreg er langt frå full likestilling. Arbeidsmarknaden er ekstremt kjønnsdelt, og menn tener 15 prosent meir enn kvinner, seier Helga Hernes.

# DAG OG TID

NR. 24

14.–20. JUNI 2013  
52. ÅRGANG  
KR 45,-

POLITIKK | SIDE 6–7

**Drama.** Soga kring den russiske trålarer «Elektron» i 2005 var meir dramatisk enn tidlegare kjent. Forsvaret sende spesialstyrkar.

INTERVJU | SIDE 12–13

**Eksil.** – Eg flykta ikkje til Noreg frå Tsjekkoslovakia, eg emigrerte, seier forfattar Michael Konupek, aktuell med ny roman.

BØKER | SIDE 21

«Ny vind over Norge er mest standard konservativ sutring.»

ARILD PEDERSEN

Hanne Nabintu Herland har redigert boka *Ny vind over Norge*.



Foto: Paul Bernhard

KOMMENTAR | SIDE 8–9

**Oppklaring.** Nei, eg er ikkje for å avvikla landbruket, leggja ned distrikta og hermetisk stengja grensene, skriv Jon Hustad.

JAZZ | SIDE 29

**Spandable.** Kwartetten The Source fyller 20 år. *The Source of Summer* er prega av makelaus sjenerøsitet, skriv Lars Mossefinn.

# Olympisk inflasjon

Eit Oslo-OL i 2022 skal koste fire gonger meir enn Lillehammer-OL. IOC driv med utpressing, seier forfattar Andrew Jennings.

OL | SIDE 4–5



Kronprins Haakon Magnus tende OL-elden på Lillehammer i 1994. Foto: NTB scanpix

ISSN 0803-3340



2 4

9 1770803 334013



# Den brytsame stada

– Sørlandsbyane blir ein for ein øydelagde av brutal arkitektur, seier Erling Okkenhaug. Det

## ARKITEKTUR

RONNY SPAANS  
ronny@dagotid.no

«Diktator», «arrogant», «brytsam austlending». Desse orda er bruka om Erling Okkenhaug – ein av dei få i Noreg som kallar seg stadaktivist. Vi møter han i Risør. Røslag, flagrande hår, briller ned på nasetippen og med kongepuddelen Thira ved sida av seg.

Karakteristikkane har kome frå innbyggjarar i den idylliske småbyen.

– Risør er som andre norske by- og bygdesamfunn: Under den småborgarlege yta lurar maktstruktur. Nåde den som kjem i konflikt med utbyggjaren! Stadaktivisme stikk djupare enn stil og arkitektur. Det handlar om lokaldemokratiet, seier Okkenhaug.

### «SØRLANDSREFSEREN»

Okkenhaug er hovudpersonen i dokumentarfilmen *Sørlandsrefsere*, regissert av Pål Winsents, som har premiere på Kortfilmfestivalen i Grimstad fredag 14. juni. Råma for filmen er stadutvikling i Risør, med utbyggjinga på Holmen i sentrum. Okkenhaug meiner utbyggjaren på Holmen ikkje tek omsyn til den lokale byggestilen når han byggjer ut husvareblokker på øya. Striden har

dei siste åra skapt medieoppslag i rikspresse, samtidig har Riksantikvaren engasjert seg i debatten.

– Det handlar ikkje berre om Risør. Det er eit ålment problem, men det er særleg synleg i dei sårbare byane på Sørlandet, strekar Okkenhaug under.

– Byt ut Holmen med Barbu i Arendal. Og sjå berre på nybygget til Aust-Agder kulturhistoriske senter i Arendal. Kven vil ha slike fascistoide tempel i 2013?

Okkenhaug meiner dermed han har god grunn til å refse norske politikarar og utbyggjarar.

Akkurat i det han seier det, går det troll i ord. Det rykkjer til i den robuste kroppen hans. Okkenhaug skimtar rådmannen i Risør på andre sida av gata. Byaktivisten gjer teikn til han, men rådmannen går brått ei anna retning.

– Desse menneska kjenner ubehag når dei ser seg! Tenk deg, Pål Winsents filma Risør med helikopter i *Sørlandsrefsere*. Opptaka ville filmmakaren skjenkje gratis til Risør kommune, men dei takka nei! Dei vil ikkje vera borti noko som eg har hatt med å gjera.

### ARKITEKTAR PÅ SYRE

Risør er ein av dei best bevarte trehusbyane i Europa – Sørlandets Røros. Venleiken sin har staden takka vere den økonomiske stagnasjonen som rådde i byen i 60- og 70-åra. Medan arkitektar var travelt opptekne med å reise nybygg av glas og betong i grannebyane, stod det dørgande stilt i «Den kvite byen ved Skagerrak».

«Det har ikkje skjedd noko kontroversielt på femti år i Risør», seier ein politikar med skjelven røyst i dokumentaren.

– Vile det ikkje det vore bra om modernismen rota opp i sørlandsidyllen?

– Den gamle byggestilen i Risør er alt modernistisk, ta strukturen i gamlebyen; det ser ut som det var teikna av ein arkitekt på syre! Det er slik fortettande stadutviklinga vi vil ha, ho som veks naturleg og gradvis fram av bymiljøet.

Han dreg meg med til Tangen, den eldste bydelen i Risør, og viser meg modernistiske tilbygg som harmonerer med den eldre byggestil.

– Mange trur eg nostalgisk kjempar for gamle stilartar. Modernismen er ikkje problemet, det er spekulativ, industriell arkitektur eg vil til livs – overproposjonerte, modullbaserte bygningsklossar.

– Sjå dessutan kampen min mot det nye Bislett stadion. Det var ikkje stilarten, men bruksområda som opptok meg. Det nye stadionet er vakkert, men det er einast friidretten som får nytte det – tenk det at eit så stort areal midt i ein folkerik bydel står tomt storparten av året. Her kunne det ha vore skeisebane til folket om vinteren.



Slik vil utbyggjarane at Holmen skal fyllast med «Syden-husvære» (til høgre), medan Erling Okkenhaug vil ha utbyggjing i denne stilen (til venstre) – ein sy

### FRÅ SAULUS TIL PAULUS

Okkenhaug talar av personleg røynsle. Han fortel om det store vendepunktet i livet. Det skjedde i glamouren av neonljøs og rosa reklamskilt i jappetida. Som ein Saulus, ein ihuga farisear for utbyggjarane, vart han gripen av eit syn som slo han blind. Omvendinga kom i 1985, då Oslo kommune sette Okkenhaug til å laga informasjonsbrosjyrar og nye utbyggjingar på Grønland og Vaterland.

– Eg fann opp namnet Galleri

Lars Haukeland i LPO, tek fråstand til bygget i dag. Ein har erkjent tragedien: Oslo kommune har planar om å stykkje opp mastodonten.

### «SPEKULATUR»

Innsikta førde til eit digert oppbrot. Frå fast inntekt i reklamansjen gjekk Okkenhaug ut i eit usikkert tilvære som eldsjel og aktivist. I tiåret etter kjempa han imot containerhamna – ein kamp som førde til nye offer, mellom anna selde han husværet sitt for å betala kampen mot Oslo Havn.



– Gamlebyen i Risør ser ut som han var teikna av ein arkitekt på syre!

Erling Okkenhaug, stadaktivist

Oslo. Fyrste framlegget var Oslo M, med m for møteplass – huff så dårleg. Vi presenterte modelar av bygget, der vi manipulerte perspektiva. Eg forstod at politikarane ikkje var interesserte i å skapa menneskelege byrom, men tenkte kapital og maksimalutnytting av tomtene.

Galleri Oslo, i si tid Europas lengste innandørs handlegate, vart aldri den suksessen ein hadde vona. Det skulle bli samlepunkt og kjøpesenter, men enda opp som ein horisontal skyskrapar med iskalde fasadar utan menneskelege møtestader. Sjølv arkitekten,

Resultatet av striden var at containarane måtte vike for Fjordbyen og Tjuvholmen – men utan at Okkenhaug er nøgd med utfallet av Oslo Fjordby i dag. Arkitektur har vorte «spekulatur», kommenterer den gamle reklamemannen med sans for ordspel.

– Nytaleten i utbyggjar- og arkitektbransjen kjenner eg ut og inn, for eg har sjølv bruka han. Bruken deira av termar som «tilpassing» og «stadtypisk» er overflatisk og innhaldslaus.

Men slik idealisme vekker mistanke, serleg når det kjem frå ein person utanfrå. Og ikkje minst

på ein liten stad som Risør. Aust Agder Blad spør i dokumentaren kva «agenda» han arbeider etter.

– Dei trur eg jobbar i løynd for store arkitektkontor og er ute etter profitt. Er det så ufatteleg å forstå at eg berre gjer borgarplikta mi. Eg gjer det dei skulle ha gjort.

### SVIKT I LOKALDEMOKRATIET

Eg heng med vidare etter Okkenhaug gjennom Risør. Thira, hunden til stadsaktivisten, vërar ein kjenning i lufta: redaktøren av lokalavisa. Okkenhaug gjer atter signal, men vi får same reaksjon som sist: Redaktøren skvett unna som hadde han sett fanden sjølv.

Kva er det eigenleg Okkenhaug har rota seg inn i?

Ein av dei store kvalitetene ved *Sørlandsrefsere* er evna til regissøren til å fange opp dei talande detaljane, som det nære sambandet mellom utbyggjar og ordførar – som sjølv har jobba som informasjonsrådgjevar for Holmen-utbyggjinga, men blir erklært habil på eit kommunestyremøte. Og kontrollmekanismene utbyggjaren nyttar for å stogge Okkenhaug. Han oppsøker mange av kontaktane til Okkenhaug for å koma stadaktivisten i forkjøpet; og når Okkenhaug endeleg får lokale supportarar til samle inn underskrifter mot Holmen-prosjektet, møter han opp for observere kven i lokalsamfunnet som svik han.

– Utbyggjingssaker er det området der lokaldemokratiet blir sett på størst prøve. Der er det størst profitt, og der er dei raste

## Bakgrunn

### KAMPEN OM HOLMEN I RISØR

■ I fem år har regissør Pål Winsents frå Grimstad fylgt stadaktivist Erling Okkenhaug i kampen om Holmen i Risør. Resultatet er dokumentaren *Sørlandsrefsere*.

■ Dokumentaren har noregspremiere i Grimstad fredag 14. juni under Kortfilmfestivalen.

■ Etter filmvisninga inviterer Kortfilmfestivalen til open debatt om by- og stadutvikling. Forutan Arendals byplanleggjar, Michael Fuller-Gee, steller Arnt Gunnar Tønnessen, leiar for kultur- og miljøkomiteen i Grimstad, ordførar Jan Dukene frå Tvedestrand, to rådgjevarar frå Riksantikvaren og stadaktivist Åsta Hegdahl frå foreningen Venner av Risør.

■ Resten av året og heile 2014 skal filmen på noregsturné. Initiativtakarar er Fortidsminneforeningen og VFO – Velles Fellesorganisasjon. Målet er å vekke debatt om stadutvikling i andre norske byar og bygder.

■ Om Okkenhaug har vunne mange sympatisørar i Risør og har snudd folkemeininga om Holmen-utbyggjinga, har utbyggjaren enno ikkje endra planane. Utfallet er enno ope.



# aktivisten

vil han gjera noko med. Men noko hindrar han: fråværet av demokrati.



ntese av tradisjonisme og modernisme. Arkitektane Eriksen og Skajaa har teikna det sistnemnde utkastet til Strusshamn ved Askøy. Okkenhaug inviterte dei til stadskraftmøte i Risør i januar.

gutane. Det er røtt parti; proffe rykkjer inn mot uproffe politikarar, er Okkenhaugs kommentar til framferda til utbyggjaren.

– Du brukar sterke ord i dokumentaren: «Samfunnet der nede er totalt lobotomert.»

– Er det rart når systemsvik- tet i demokratiet kjem så tydeleg fram i dagen. Skal vi sitja på kvar vår tuve og bli røde av rå kapital i maktutfalding?

– Det ligg dessutan kjærleik og smerte i denne utsegna. Eg har bruka så mange år på kamp i Risør og blir opprørt over dei passive haldningane til folk. Politikarar overlèt til utbyggjarar å regulere område med store fylgjer for bumiljøet deira, utan at dei reagerer.

– Kvifor må ein koma og aktivisere dei. Kunne dei ikkje finne ut dette av seg sjølve?

– Nei, å stå fram med eiga mein- ning i eit lokalsamfunn er diskvalifiserande, enda om denne mein- inga representerer sanninga. Til sjuande og sist handlar det om psykologi. Å misse andletet over- for den store i lokalsamfunnet. Og omvendt – det handlar om den største norske folkesjukdo- men: Er eg noko verd? Det hand- lar om personar som gjennom eit langt liv har kjempa til seg posi- sjonar og som opplever at sjølv- biletet blir truga når folk utanbys engasjerer seg. Men skal felles- kapsverdidiar vike for sjølvbiletet åt byens store menn?

## STADKRAFT

Erling Okkenhaug er leiar for All-

grønn, forum for humanøkolo- gisk stadkraft. *Stadkraft* er eit ord aktivisten gjerne nyttar. Det har samanheng med tolkinga til den kjende arkitekturprofessor Chris- tian Norberg-Schulz av «genius loci»: Ved å ta omsyn til krafta og sjela på ein stad skaper ein plas- sar med stabil identitet, der vi lett kan orientere oss utan å bli fram- andgjorde. Det har vore program- met for plansmiene Erling Okken- haug og eit par andre byaktivistar har halde i norske kommunar.

– Arkitekturkonkurransar er styrde av ein elite som tenkjer likt. Dei tenkjer CV og karriere. I plansmiene har vi engasjert inn- byggjarane til å seia kva dei vil med heimstadene sine.

Eit liknande møte har Okken- haug halde i Risør. I januar leigde Okkenhaug Risør rådhus, enga- sjerte sju arkitektur og baud Risør-folket inn til ein samtale om «stadkraft». Brått snudde vin- den. Okkenhaug som var den bry- same austlendingen med heile Risør imot seg, fekk med eitt fol- ket på si side.

– Ingen av arkitektane laga utkast eller skisser, vi tala om organisering og demokrati. Møtet enda i ein stor debatt om korleis eit lokalsamfunn skal styrast.

Også denne gongen vart lokaldemokratiet sett på prøve: Om ordføraren var til stades på møtet, måtte ein sjå lenge etter andre kommunefolk, for admin- istrasjonen vart av rådmannen nekta å møte opp. Om utbyggja- ren var der? Det er ikkje vits å spørja, eingong.



Fuhr-eigedomen, kjend som vinkjellaren. Foto: Erling Okkenhaug

## Refs av andre sørlandsbyar

Det er ikkje tilfelleleg at dokumentaren har premiere i Grimstad.

Det er konflikt i byen om lag- naden til Fuhr-eigedomen, ein- karakteristisk seksetasjars byg- ning, kjend som «Vinkjellaren». Utbyggjaren krev nærast frie tyglar i utviklinga av det histo- riske området i den gamle bykjernen, der Vinkjellaren står, og vil rive bygget og byg- ge nytt, medan advokat Stein- Ness frå Aksjonsgruppen for bevaring av Vinkjellaren, krev at bygget blir restaurert.

Filmen skal i juni også visast

i Langesund. Og liksom i Grim- stad blir framsyninga avslutta med debatt med mellom andre Okkenhaug og ordføraren i Langesund i panelet. Grunnen er ein konflikt knytt til eit nytt byggjeprojekt i bydelen Smie- tangen. Motstandarane av pro- sjektet meiner dei nye «syden- husværa» som skal byggjast, vil kollidere med dei verna trehus- gatene på staden.

– Der er klår likskap mellom situasjonen i Smietangen i Lan-

gesund og Holmen i Risør, og vi trur at denne filmen vil vera relevant for alle engasjerte i prosessen kring utbyggjing der, seier regisor og produsent Paul Winsents til Dag og Tid.

Skrekkdømet ein dreg fram i desse debattane, er Brotorvet på Stathelle – eit digert kjøpe- senterplassert midt i ein klas- sisk trehusby. Det har vunne ry som eit av det mest mislukka byggjeprojekt i Noreg i nyare tid.